

Radøy Skyttarlag

Nordhordland jakt og fiskelag.

Manger den 15/5 2015

Radøy kommune,

Radøyvegen 1690,

5936 Manger.

Søknad om viltfondmidlar.

Radøy Skyttarlag har arbeidd med å få til ny skytebane i Radøy sidan 1991. Etter 24 år, omlag 6000 dugnadstimar og omlag 1,6 mill kr i utlagde pengar frå Det frivillige Skyttervesen og Radøy Skyttarlag, har me endeleg kome så langt at me kan starta anleggsarbeidet med den nye bana.

Planane for skytebanen er at den skal verta eit aktivitetsanlegg for DFS-skyting, sportsskyting, jaktskyting og friluftsliv. Bygging og drift av anlegget er eit samarbeid mellom Radøy Skyttarlag, Nordhordland jakt og fiskelag, Nordhordland Pistolklubb og Radøy Sportsskyttarlag.

Tiltaket det vert søkt om midlar til vil gje følgjande:

Møteplass for kunnskapsformidling om viltforvaltning og vilt.

Gje grobotn for betre organisering av jakt.

Arena for rekrutteing av nye jegrar.

Gjennom kurs og praktiske aktivitetar, auka kunnskapen om sikker våpenhandtering.

Teori og praksis for auka skyteferdigheiter.

Teori og praksis for å auka kunnskapen om sikker og human jakt.

Syner til vedlagde kopi av artiklar som syner behovet for tiltaket.

Plan for gjennomføring:

I 2013 starta me så smått med det praktiske arbeidet på banen. I 2015 har me brukt om lag kr. 400000 av laga sine midlar i tillegg til om lag 450 dugnadstimar, og har no kome så langt at veg inn til anlegget og parkeringsplass nermar seg ferdigstilling.

Neste steg er sprenging og planering av standplassar og veg til grav/skiver på 100 m.

Me tar sikte på å starta gjennomføring av kurs, treningsskyting og oppskyting av lovpålagt storviltprøve i løpet av juli 2015.

Me vil med dette søkja Radøy viltfond om eit tilskot på kr. 150000,- til realisering av neste steg av utbygginga.

Kostnadsoverslag:

Innkjøp av 5 stk elektroniske skiver inkl. montering	ca. kr. 175 000
" " Boring og sprenging	45 000
" " Planering av standplass	15 000
" " Anleggsarbeid, voll og grav 100 m	35 000
" " Kjøp av brukt standplassbrakke	10 000
" " Diverse (grus betong jern m.m.)	20 000
Sum	<u>Ca kr. 300 000</u>

Tilbod på dei største summane er lagt ved.

Finansieringsplan:

Tilskot viltfond	Kr 150 000
" Eigne midlar frå laga	75 000
" Dugnad (graving grunnarb m.m.)	75 000
Sum	<u>Kr 300 000</u>

Me vonar på eit snarleg positivt svar på søknaden.

Med helsing

Radøy Skyttarlag, Nordhordland jakt og fiskelag

Kornelius Manger
For laga
Kornelius Manger,
Radøyvegen 1737,
5936 Manger

Tlf. 91334067

5 vedlegg.